



Lyrikkdebutant Mona Vetrhus frå Uskedalen er overvelda over responsen ho har fått. Ho hørde at det som debutant var lett å drukna i bokhausten, men ho har fått meldingar i blant anna Klassekampen og Aftenposten og vorte intervjuja blant anna i Dag og Tid og Dagsavisen,

Utover å lesa på festivalar og liknande har ho informert på Facebook opplysar ho i eit stort oppslag i Bergens Tidende. Ho nemner og at ho har skrive mail til dei nærmaste avisene. Snart kjem ho til bokbad på Husnes.

I BT-oppslaget vert ho presentert saman med 2 andre debutantar og opplysar at ho har skreve i 10 år på dikta i boka.

Endeleg hadde ho mot og høve til å trappa ned på journalistjobbinga for å gjera boka ferdig. Ein draum er realisert og forventningane ho hadde er innfridde og meir til.

Over les Mona frå debutboka i ein bokpresentasjon i Rosendal som også var svært vellukka.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen